



Arkoconsult
Pb 103
5291 VALESTRANDSFOSEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/176 - 17/5146

Saksbehandlar:
Rolf Raknes
rolf.raknes@radoy.kommune.no

Dato:
05.05.2017

Plansak 12602017000100 - Mindre endring detaljplan Sæbøtunet Gnr/Bnr 88/103 mfl - Kunngjering endeleg vedtak

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i Radøy kommune vedteke mindre endring for detalreguleringsplan for Sæbøtunet (planID: 12602017000100)

PLT – vedtak 29.03.2017 i sak nr, 012/2017:

Mindre planendring for Sæbøtunet, planid 12602017000100 med revidert plankart og føresegner vert godkjent på følgjande vilkår:

Tekniske teikningar vert godkjend av Statens vegvesen.

Plankart: Byggegrense mot fylkesveg må teiknast heilt ut mot plangrensa i nord-aust.

Føresegner: Det må takast inn rekkefølgekav knytt til veg F10.

Før det vert gjeve mellombels bruksløyve eller ferdigattest i B6 skal:

Avkørsle mellom fv 407 og F10 opparbeidast i samsvar med planen, med friskt på 6 x 60 meter, og godkjennast av Statens vegvesen.

Veg F10 opparbeidast i samsvar med detaljplan fram til grensa til 88/15 og 88/64.

Grunngjevinga for mindre planendring går fram av saksutgreiinga.

Grunngjevinga for vilkår om endring i plankart er at det kan sjå ut som at byggegrense mot fylkesveg nord-aust i planområdet utilsikta ikkje går heilt ut til plangrensa. Om det ikkje er vist byggegrense i plankartet vil veg F10 ikkje kunne byggjast utan dispensasjon frå avstandskrav på 50 meter mot fylkesveg etter veglova. Den reviderte planen med veg F10 er avklart med Statens vegvesen og endringa i plankartet får ingen konsekvens.

Grunngjeving for rekkefølgekav knytt til veg F10 er at veg F10 er tilkomstveg til dei nye bustadene og opparbeiding av denne må sikrast i plan. Vidare føreset planen at eksisterande avkjørsle til gbnr 88/15 skal stengjast og veg F10 skal vere ny tilkomstveg til denne bustaden. Opparbeiding av ny tilkomst til gbnr 88/15 må sikrast i plan før eksisterande avkjørsle vert stengt.

Endringane er avklart med forslagsstillar v/Arkoconsult.

Vedtaket har heimel i Plan og bygningslova § 12- 14.

Plandokumenta og vedtak ligg på kommunen si heimeside og i kommunen sitt planregister BraPlan , <http://www.geoweb.no/braplan/planInnsyn.jsp?kildeid=1260&planid=12602017000200> og til gjennomsyn i servicekontoret på Rådhuset. Aktuelle grunneigarar og offentlege instansar er direkte tilskrive.

OM KLAGE OG VERKNAD AV PLAN

Vedtaket kan etter PBL §1-9 påklagast til Fylkesmannen av den som er part eller har rettsleg klageinteresse.

Reguleringsplanen fastset framtidig bruk av området og er bindande for nye tiltak, samt utviding av eksisterande tiltak, jf. PBL §12-4. Eventuelle krav om erstatning eller innløyning i samband med godkjend reguleringsplan må setjast fram innan 3- tre år- etter denne kunngjeringa,

jf. PBL § 15-2 og 3.

Klage må vere framsett skriftleg til Radøy kommune – Teknisk forvaltning innan frist.

Klagefrist er sett til 30.05.2017

Med helsing

Rolf Raknes
arealplanleggjar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arkoconsult	Pb 103	5291	VALESTRANDSFOSSEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Hordaland Fylkeskommune - Plan og Miljøseksjonen	Postboks 7900	5020	BERGEN
Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863	Leikanger